



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

13 JUL 2015

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2015/084129-002

Dykkar referanse:
2015/1851-2

Vår dato:
08.07.2015

Vedk. søknad om dispensasjon fra byggjegrense - Fv. 48 - gnr. 142 bnr. 7 - Helland - Husnes - Kvinnherad kommune

Viser til dykkar oversending, datert 29.06.2015.

Viser til søknad om dispensasjon fra avstandskrav i veglova. Tiltakshavar søker om å føra opp tilbygg (sauefjøs) til eksisterande driftsbygning. Det er opplyst at nærmeste del av sauefjøset vil få ein avstand på 38 meter fra midte eksisterande fylkesveg.

I høve «Rammeplanen for avkjørsler og byggjegrens 2013 - 2016» er fylkesveg 48 markert med Haldningsklasse 2 (Gul), der det vert fastsett særskild byggjegrense. Byggjegrensa er sett til 50 meter.

I arbeidet med «Kvinnheradspakken» som Kvinnherad kommune står bak, er tiltak ved Hellandskrysset eit framheva tiltak. Det er alt utført nokre strakstiltak ved Helland bru, nemleg forbikjøringsforbud sørover og vegmerking.

Det føreligg ein gjeldande reguleringsplan frå 2003, med intensjon i å byggja ny bru og rundkjøring som erstatning for det eksisterande krysset.

Ein må i utgangspunktet sjå på dispensasjonssøknaden i høve til reguleringsplanen. Erfaringsmessig vil Statens vegvesen innløysa grunn for vegen ut til 3 meter fra topp skjæring / botn fylling, eller minst 3 meter fra vegkant køyrebane. I tillegg vert det vanlegvis erverva (eksproprieres) minimum 2 meter utanfor sikkerhetssonen til heile anlegget.


Tek ein dette i betraktning, vil sauefjøset koma svært nær veganlegget og det vil ikkje vera mogeleg å etablera ein veg rundt sauefjøset. Det kan etablerast tørrmur i staden for skjæring, noko som kan hjelpe på litt, men dette vil fordyra veganlegget.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø⁹
Telefon:
Telefaks:




Viser tilbygg i høve eksisterande reguleringsplan Viser tilbygg i høve eksisterande situasjon

Hordaland fylkeskommune v/Statens vegvesen har utført vurdering av alternativ til Hellandskrysset. Dette for å danna eit betre grunnlag for vidare beslutningar. Det vart vurdert 4 alternativ.

A-utgangspunkt i eksisterande reguleringsplan m/ny bru.




B-nytta eksisterande bru og trekkja rundkøyringa lenger mot sør aust.




Med denne løysinga vil ein spara kostnader med ny bru, men ein må ta høgde for at det må vurderast separat bru for gående og syklande.

C-kanalisering med bruk av eksisterande bru



Denne løysninga inneber ei utviding av heile kryssområdet og flytting av fv. 48 mot aust samtidig som ein nyttar eksisterande bru. Ein må ta høgde for at det må vurderast separat bru for gåande og syklande.

D-rundkøyring med redusert standard og bruk av eksisterande bru.



Denne vert liggjande delvis utanfor gjeldande reguleringsplan. Rundkøyringa har ei utforming som er dårligere enn krava i håndbøkene N100 og V121.

Gisle Hildershavn har laga ein rapport om Hellandsbrua og tilhøyrande påtenkt rundkøyring. Rapporten konkluderer med at det bør utarbeidast ny reguleringsplan med ny bru og bør planleggjast og byggjast ut frå eit framtidsretta perspektiv, uavhengig av kryssløysning med ett klart tilbod for gåande og syklande.

Statens vegvesen føreset at det vert arbeidd vidare med «Kvinnheradpakken». Etter kvalitetssikring og prioritering administrativt og politisk i Kvinnherad kommune må ein ta kontakt med fylkeskommunen og Statens vegvesen for å ta stilling til vidare framdrift.


Statens vegvesen er skeptiske til å godkjenna dispensasjonssøknaden slik den ligg føre ut i frå uavklart kryssløysing.

Før vi tek stilling til dispensasjonssøknaden, ber vi Kvinnherad kommune vurdera kva løysing som er mest aktuell for utbetring av Hellandskrysset. Dette ser me i ljós av at Hellandskrysset er med som eit tiltak i «Kvinnheradpakken».

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing



Carl Erik Nielsen
seksjonssjef



Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Geir Hellland, Vikefjellsvegen 13, 5460 HUSNES
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN